



MØTEBOK

Organ	Hovudutval for samferdsle
Møtestad	Firda, Fylkeshuset
Møtedato	25.11.2014
Kl.	Kl 09:00 – 15:00

Faste medlemmer til stades:

Arnstein Menes Sp
Anders Ryssdal Sp
Björg Bergheim Sp
Helen Hjertaas Ap
Odd Atle Stegegjerdet Ap
Olin Johanne Henden H
Ole Gunnar Krakhellen H
Norunn Lunde Furnes Krf
Frank Willy Djuvik Frp

Forfall til møtet:

Varamedlemmer til stades:

Til stades med møte- og talerett: **Velaug Veum**

Sekretariat for møtet:

Oddveig Hove

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet tek stilling til om kva saker som skal vere opne/lukka.

Møtebok frå 29.10.2014 vart godkjend utan merknader.

Munnleg orientering:

Informasjon Kollektivtrafikk v/Øystein Hunvik

Orientering om godsåten Bergen – Gulen, Solund og Askvoll v/Jan Johansen, Kyst 1

Orientering om Kleiva, Selje kommune v/Nils Magne Slinde

Ferjeavløysingsmidlar

Hovudutval for samferdsle oppmodar fylkesordføraren om å kontakte andre ferjefylker, som t.d. Vestlandfylka og Nordland, for å få til eit samordna innspel til regjering om ferjeavløysingsordning for fylkesvegar i kommuneproposisjonen 2015.

Hovudutval for samferdsle syner vidare til vedtak i sak 56/14 i FU

SAK 55/14 Takstar og rabattar for rutedrifta 2015

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

- 1 Takstane for buss vert auka med 3 % i 2015
- 2 Minstetaksten på buss vert auka til 15 kr
- 3 Takstane for båt vert auka med 3 % i 2015
- 4 Prisen på ungdomskort vert auka til 400 kr i 2015
- 5 Takstane for fylkesvegferjene vert auka med 4,1 % i 2015
- 6 Fylkesrådmannen får fullmakt til å fastsetje endelege takstar og rabattar for buss og båt.

Endringsframlegg:

Arbeidarpartiet sette fram slikt framlegg til nytt punkt 4:

Prisen på ungdomskort vert auka til kr 380.- i 2015.

Avrøysting:

Framlegget frå Arbeidarpartiet fekk 8 røyster og vart vedteke.

Frank Willy Djuvik Frp røysta mot.

Framlegget frå fylkesdirektøren til punkt 1, 2, 3, 5 og 6 vart samrøystes vedtekne.

Dette gir følgjande VEDTAK:

- 1 Takstane for buss vert auka med 3 % i 2015
- 2 Minstetaksten på buss vert auka til 15 kr
- 3 Takstane for båt vert auka med 3 % i 2015
- 4 Prisen på ungdomskort vert auka til 380 kr i 2015
- 5 Takstane for fylkesvegferjene vert auka med 4,1 % i 2015
- 6 Fylkesrådmannen får fullmakt til å fastsetje endelege takstar og rabattar for buss og båt.

SAK 56/14 Avtale for sykkelbyen Florø

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune inngår sykkelbyavtale med Flora kommune frå 1.1.2015.
2. Fylkeskommunen sin del av kostnadane med avtalen kr 150 000 pr. år, til saman kr 600 000 i perioden 2015-2018, vert finansiert slik:
 - a) 450 000 kr på teneste 4005 til disposisjon for utvala i 2014. Midlane blir sett på fond og utbetalt i perioden 2016-2018 med 150 000 kr årleg.
 - b) 150 000 kr på teneste 4005 til disposisjon for utvala i 2015. Det vert teke atterhald om tilstrekkeleg løyving på teneste 4005 i budsjettet for 2015.

Endringsframlegg:

Framstegspartiet sette fram slik framlegg:

Avsnitt til erstatning for tredje siste avsnitt i avtalen:

«Avtalen skal bidra til å gjennomføre nye prosjekt i samsvar med utvikling av eit samanhengande sykkelnettverk i Florø. Nye prosjekt som kjem fram gjennom eigen plan for sykkelveggar, Flora kommune sin sentrumsplan og kommunedelplan for Floralandet/Brandsøy, må for fylkesveggar og riksveggar spelast inn til neste revisjon av RTP og NTP. Eventuelle løyvingar er avhengig av at prosjekta vert prioriterte der.»

Avrøysting:

Framlegget frå fylkesdirektøren med endringsframlegget frå Framstegspartiet vart samrøystes vedtekne.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune inngår sykkelbyavtale med Flora kommune frå 1.1.2015.
2. Fylkeskommunen sin del av kostnadane med avtalen kr 150 000 pr. år, til saman kr 600 000 i perioden 2015-2018, vert finansiert slik:
 - c) 450 000 kr på teneste 4005 til disposisjon for utvala i 2014. Midlane blir sett på fond og utbetalt i perioden 2016-2018 med 150 000 kr årleg.
 - d) 150 000 kr på teneste 4005 til disposisjon for utvala i 2015. Det vert teke atterhald om tilstrekkeleg løyving på teneste 4005 i budsjettet for 2015.

Avsnitt til erstatning for tredje siste avsnitt i avtalen:

«Avtalen skal bidra til å gjennomføre nye prosjekt i samsvar med utvikling av eit samanhengande sykkelnettverk i Florø. Nye prosjekt som kjem fram gjennom eigen plan for sykkelveggar, Flora kommune sin sentrumsplan og kommunedelplan for Floralandet/Brandsøy, må for fylkesveggar og riksveggar spelast inn til neste revisjon av RTP og NTP. Eventuelle løyvingar er avhengig av at prosjekta vert prioriterte der.»

SAK 57/14 Utbetring av FV 57 Dale - Storehaugen, søknad om forskottering av planleggingsmidlar.

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

Søknaden vert ikkje imøtekomen. Søknaden om forskottering av planmidlar til utarbeiding av kommunedelplanar er ikkje i samsvar med fylkestinget sine retningslinjer for forskottering.

Endringsframlegg:

Kristeleg Folkeparti og Høgre og sette fram slikt framlegg til vedtak:

**Hovudutval for samferdsle rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:
Fylkesutvalet rår fylkestinget om å gjere slikt vedtak**

Søknad frå Fjaler og Gaular kommune om forskottering av planmidlar til fv 57 Dale-Storehaug med bru over Svesundet, vert imøtekomen innanfor ei ramme på 2mill. kr. Refusjon av kostnadane vert innarbeidd i Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt planleggingsprogram for neste RTP-periode 2018-2021.

Arbeidarpartiet og Senterpartiet sette fram slikt framlegg:

På grunn av lang tidshorisont på planlegging av eventuell bompengefinansiering vil utvalet gjere eit unntak frå retningslinjene for forskottering.

Avrøysting:

Framlegget frå Høgre og Kristeleg Folkeparti vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Senterpartiet og Arbeidarpartiet fekk 5 røyster og vart vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

**Hovudutval for samferdsle rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak**

Søknad frå Fjaler og Gaular kommune om forskotering av planmidlar til fv 57 Dale-Storehaug med bru over Svesundet, vert imøtekommen innanfor ei ramme på 2mill. kr. Refusjon av kostnadane vert innarbeidd i Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt planleggingsprogram for neste RTP-periode 2018-2021.

På grunn av lang tidshorisonnt på planlegging av eventuell bompengefinansiering vil utvalet gjere eit unntak frå retningslinene for forskotering.

SAK 58/14 Finansiering av Kystvegen

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

- 1 Hovudutval for samferdsle tek vurderinga om mogleg finansiering av Kystvegen til vitande.
- 2 Hovudutval for samferdsle ber om at mogleg bidrag frå ferjeavløysing frå Måløy – Oldeide og Stårheim – Isane blir vurdert i samband med ei framtidig sak til fylkestinget om ferjeavløysingsmidlar.

Endringsframlegg:

Høgre sette fram slikt framlegg til nytt punkt 3, 4 og 5:

3. Utgreiingane i denne saka vert sendt til orientering til Eid, Vågsøy og Bremanger kommunar.
4. Ved ei framtidig sak om ferjeavløysingsmidlar skal desse kommunane, og andre kommunar med ferjeavløysingsprosjekt verte involvert.
5. Val av konsept for kryssing av Ytre Nordfjord vil verte vurdert når utgreiingane ligg føre.

Avrøysting:

Fylkesdirektøren si tilråding og framlegget frå Høgre vart samrøystes vedtekne.

Dette gir følgjande VEDTAK:

- 1 Hovudutval for samferdsle tek vurderinga om mogleg finansiering av Kystvegen til vitande.
 - 2 Hovudutval for samferdsle ber om at mogleg bidrag frå ferjeavløysing frå Måløy – Oldeide og Stårheim – Isane blir vurdert i samband med ei framtidig sak til fylkestinget om ferjeavløysingsmidlar.
 - 3 Utgreiingane i denne saka vert sendt til orientering til Eid, Vågsøy og Bremanger kommunar.
 - 4 Ved ei framtidig sak om ferjeavløysingsmidlar skal desse kommunane, og andre kommunar med ferjeavløysingsprosjekt verte involvert.
 - 5 Val av konsept for kryssing av Ytre Nordfjord vil verte vurdert når utgreiingane ligg føre.
-

SAK 59/14 Søknad om finansieringsbidrag til prosjektet Stad skipstunnel for 2015

VEDTAK:

1 Hovudutval for samferdsle yter eit tilskot på 100 000 kr til Prosjektgruppa for Stad Skipstunnel for å vidareføre arbeidet i 2015.

2 Tilskotet vert å finansiere over programområde 400, teneste 4005 til disposisjon for utvalet i 2014.

SAK 60/14 Budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18)

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Finansutvalet rår hovudutvala til å gje slik tilråding:

Hovudutvala rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Dokumentet "Budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18)" utgjer det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2015-18.
2. Budsjettreglementet vert vedteke slik det ligg føre i dokumentet "Budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18)".
3. Driftsbudsjettet for 2015 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke med slike rammer:

	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018
NETTO FELLESINNTEKTER	-2 214,487	-2 143,442	-2 239,243	-2 205,709
Forvaltning	170,401	169,260	176,904	175,874
400 Politisk styring	68,562	67,771	73,926	72,896
410 Kontrollutval	4,375	4,650	4,500	4,500
420 Administrasjon	71,591	71,341	75,055	75,055
421 Forvaltningsutgifter eigedomsforvaltninga	8,225	8,225	7,925	7,925
430 Administrasjonslokale	6,476	6,476	6,476	6,476
460 Tenester utanom ordinært FK ansvarsområde	0,675	0,525	0,525	0,525
480 Diverse fellesutgifter	10,497	10,272	8,497	8,497
Opplæring	824,586	823,456	805,031	778,904
510 Skulelokale og internatbygningar	104,933	104,302	101,964	99,623
515 Fellesutgifter og støttefunksjonar	60,734	60,580	59,823	58,072
520 Pedagogisk leining/fellesutg. og gjesteelevar	103,522	121,683	121,382	98,258
521 -532 Utdanningsprogramma	331,677	313,251	298,172	299,261
554 Fagskule	22,894	22,894	22,894	22,894
559 Landsliner	3,783	3,783	3,783	3,783
561 Oppflg.tenesta og ped./psyk. teneste	19,631	19,551	19,401	19,401
562 Tilpassa opplæring	67,559	67,559	67,559	67,559
570 Fagopplæring i arbeidslivet	95,285	95,285	95,285	95,285
581 Vaksenopplæring etter opplæringslova	4,545	4,545	4,745	4,745
590 Andre føremål	10,023	10,023	10,023	10,023

Tannhelsetenesta	79,630	79,630	82,630	82,630
660 Tannhelsetenesta fellesfunksjonar	18,664	18,664	18,954	18,954
665 Tannhelsetenesta - pasientbehandling	60,966	60,966	63,676	63,676
Plan og næring	100,583	97,963	113,425	107,288
701 Tilrettel./støttef./fin.bistand for næringslivet	81,675	79,753	94,019	87,882
715 Lokal og regional utvikling	12,536	12,038	13,134	13,134
716 Friluttsliv, vassreg.styresmakt mv	6,372	6,172	6,272	6,272
Kultur	68,039	64,507	65,607	65,607
740 Bibliotek	6,244	5,584	6,884	6,884
750 Kulturminnevern	13,107	12,575	12,275	12,275
760 Museum	16,244	15,244	14,244	14,244
771 Kunstformidling	8,967	8,577	10,077	10,077
772 Kunstproduksjon	11,474	10,974	11,474	11,474
775 Idrett	3,100	3,000	3,100	3,100
790 Andre kulturaktivitetar	8,903	8,553	7,553	7,553
Samferdsle	965,065	902,443	989,463	989,223
720 Fylkesvegar - nyanlegg, drift og vedlikehald	457,145	395,423	433,050	431,300
730 Bilruter	271,580	265,880	289,374	289,374
731 Fylkesvegferjer	102,262	110,462	125,675	128,275
732 Båtruter	124,169	120,769	131,693	130,603
733 Tilrettelagd transport	9,909	9,909	9,671	9,671
Ufordelte postar	6,183	6,183	6,183	6,183
NETTO SEKTORRAMMER	2 214,487	2 143,442	2 239,243	2 205,709

Innan driftsbudsjettet får hovudutvala høve til å endre fordeling av rammene i tråd med fullmakter gjevne i budsjettreglementet.

Hovudutvala sine vedtak må tilpassast dei føringar som ligg i FT sitt budsjettvedtak.

Hovudutval for opplæring får fullmakt til å vedta og gjennomføre eventuelle organisatoriske endringar innanfor dei økonomiske rammene for følgjande tenester, med verknad frå hausten 2015:

- a. Arbeidslivskontakt
- b. Oppfølgingstenesta
- c. Systemansvarleg IKT/e-pedagog
- d. Karriererettleiing

Potensialet for redusert ressursbruk i planperioden for tenestene i punkt a-d skal utgreiast for politisk handsaming i samband med økonomiplansaka i juni 2015.

4. Kapitalbudsjettet for 2015 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke med slike rammer:

	2015	2016	2017	2018
Bygg	132,2	175,8	115,9	107,2
Fylkesvegar inkl. skredsikring	167,3	169,4	112,7	45,6
Sum investeringar	299,5	345,2	228,6	152,8

	2015	2016	2017	2018
Driftsmidlar til investering	30,9	18,1	17,8	12,3

Mva. kompensasjon	56,8	54,2	32,1	24,4
PC-ordninga - elevbetaling	2,9	2,9	2,9	2,9
Fondsmidlar	6,7	23,7	28,2	
Låneopptak	132,2	129,3	78,5	105,1
Statsbudsjettet kap 1320 - skredsikring	70,0	117,0	69,1	8,1
Sum finansiering	299,5	345,2	228,6	152,8

5. Økonomiplanen sine rammer for 2016-18 skal i utgangspunktet leggjast til grunn for arbeidet med budsjett 2016 og økonomiplanen for etterfølgjande år.

6. Programområde 700 med tilhøyrande tenester vert endra til programområde 701.

7. Budsjettreglementet får eit nytt punkt 2.6.2 slik: «Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere tekniske endringar i budsjett og kontoplan som følgje av endringar i KOSTRA-rettleiaren.»

Punkta 2.6.2 -2.6.10 vert forskyvd til 2.6.3 – 2.6.11

8. Vedtakspunkta over skal konsekvensjusterast for eventuelle verknader av fylkestinget sine vedtak i fylkestingseta 9.-10. desember 2014.

Endringsframlegg:

Fylkesrådmannen la fram slikt framlegg til tillegg i tilrådinga:

Budsjettet for skredsikring vert endra i tråd med opplysningane i Tilleggsnotat - Budsjett skredsikring 2015-18 - retting av feil

Avrøysting:

Tilrådinga frå fylkesrådmannen med tillegget vart samrøystes vedtekne.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Hovudutvala rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

9. Dokumentet "Budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18)" utgjer det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2015-18.

10. Budsjettreglementet vert vedteke slik det ligg føre i dokumentet "Budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18)".

11. Driftsbudsjettet for 2015 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke med slike rammer:

	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018
NETTO FELLESINNTEKTER	-2 214,487	-2 143,442	-2 239,243	-2 205,709
Forvaltning	170,401	169,260	176,904	175,874
400 Politisk styring	68,562	67,771	73,926	72,896
410 Kontrollutval	4,375	4,650	4,500	4,500
420 Administrasjon	71,591	71,341	75,055	75,055
421 Forvaltningsutgifter eigedomsforvaltninga	8,225	8,225	7,925	7,925
430 Administrasjonslokale	6,476	6,476	6,476	6,476
460 Tenester utanom ordinært FK ansvarsområde	0,675	0,525	0,525	0,525

Møtebok Hovudutval for samferdsle 25.11.2014

480 Diverse fellesutgifter	10,497	10,272	8,497	8,497
Opplæring	824,586	823,456	805,031	778,904
510 Skulelokale og internatbygningar	104,933	104,302	101,964	99,623
515 Fellesutgifter og støttefunksjonar	60,734	60,580	59,823	58,072
520 Pedagogisk leining/fellesutg. og gjesteelevar	103,522	121,683	121,382	98,258
521 -532 Utdanningsprogramma	331,677	313,251	298,172	299,261
554 Fagskule	22,894	22,894	22,894	22,894
559 Landsliner	3,783	3,783	3,783	3,783
561 Oppflg.tenesta og ped./psyk. teneste	19,631	19,551	19,401	19,401
562 Tilpassa opplæring	67,559	67,559	67,559	67,559
570 Fagopplæring i arbeidslivet	95,285	95,285	95,285	95,285
581 Vaksenopplæring etter opplæringslova	4,545	4,545	4,745	4,745
590 Andre føremål	10,023	10,023	10,023	10,023
Tannhelsetenesta	79,630	79,630	82,630	82,630
660 Tannhelsetenesta fellesfunksjonar	18,664	18,664	18,954	18,954
665 Tannhelsetenesta - pasientbehandling	60,966	60,966	63,676	63,676
Plan og næring	100,583	97,963	113,425	107,288
701 Tilrettel./støttef./fin.bistand for næringslivet	81,675	79,753	94,019	87,882
715 Lokal og regional utvikling	12,536	12,038	13,134	13,134
716 Friluttsliv, vassreg.styresmakt mv	6,372	6,172	6,272	6,272
Kultur	68,039	64,507	65,607	65,607
740 Bibliotek	6,244	5,584	6,884	6,884
750 Kulturminnevern	13,107	12,575	12,275	12,275
760 Museum	16,244	15,244	14,244	14,244
771 Kunstformidling	8,967	8,577	10,077	10,077
772 Kunstproduksjon	11,474	10,974	11,474	11,474
775 Idrett	3,100	3,000	3,100	3,100
790 Andre kulturaktivitetar	8,903	8,553	7,553	7,553
Samferdsle	965,065	902,443	989,463	989,223
720 Fylkesvegar - nyanlegg, drift og vedlikehald	457,145	395,423	433,050	431,300
730 Bilruter	271,580	265,880	289,374	289,374
731 Fylkesvegferjer	102,262	110,462	125,675	128,275
732 Båtruter	124,169	120,769	131,693	130,603
733 Tilrettelagd transport	9,909	9,909	9,671	9,671
Ufordelte postar	6,183	6,183	6,183	6,183
NETTO SEKTORRAMMER	2 214,487	2 143,442	2 239,243	2 205,709

Innan driftsbudsjettet får hovudutvala høve til å endre fordeling av rammene i tråd med fullmakter gjevne i budsjettreglementet.

Hovudutvala sine vedtak må tilpassast dei føringar som ligg i FT sitt budsjettvedtak.

Hovudutval for opplæring får fullmakt til å vedta og gjennomføre eventuelle organisatoriske endringar innanfor dei økonomiske rammene for følgjande tenester, med verknad frå hausten 2015:

- a. Arbeidslivskontakt
- b. Oppfølgingstenesta
- c. Systemansvarleg IKT/e-pedagog

d. Karriererettleiing

Potensialet for redusert ressursbruk i planperioden for tenestene i punkt a-d skal utgreiast for politisk handsaming i samband med økonomiplansaka i juni 2015.

12. Kapitalbudsjettet for 2015 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke med slike rammer:

	2015	2016	2017	2018
Bygg	132,2	175,8	115,9	107,2
Fylkesvegvar inkl. skredsikring	167,3	169,4	112,7	45,6
Sum investeringar	299,5	345,2	228,6	152,8

	2015	2016	2017	2018
Driftsmidlar til investering	30,9	18,1	17,8	12,3
Mva. kompensasjon	56,8	54,2	32,1	24,4
PC-ordninga - elevbetaling	2,9	2,9	2,9	2,9
Fondsmidlar	6,7	23,7	28,2	
Låneopptak	132,2	129,3	78,5	105,1
Statsbudsjettet kap 1320 - skredsikring	70,0	117,0	69,1	8,1
Sum finansiering	299,5	345,2	228,6	152,8

13. Økonomiplanen sine rammer for 2016-18 skal i utgangspunktet leggjast til grunn for arbeidet med budsjett 2016 og økonomiplanen for etterfølgjande år.

14. Programområde 700 med tilhøyrande tenester vert endra til programområde 701.

15. Budsjettreglementet får eit nytt punkt 2.6.2 slik: «Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere tekniske endringar i budsjett og kontoplan som følgje av endringar i KOSTRA-retteleiar.»

Punkta 2.6.2 -2.6.10 vert forskyvd til 2.6.3 – 2.6.11

16. Vedtakspunkta over skal konsekvensjusterast for eventuelle verknader av fylkestinget sine vedtak i fylkestingseta 9.-10. desember 2014.

Budsjettet for skredsikring vert endra i tråd med opplysningane i Tilleggsnotat - Budsjett skredsikring 2015-18 - retting av feil

SAK 61/14 Kystvegen - utgreiingar og planprosess

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

Følgjande ambisjonsnivå skal leggjast til grunn for utgreiinga av Kystvegen mellom Ålesund – Bergen:

A. Utgreiingstema:

- Vegens sin funksjon og standard
 - Funksjonsklassar
 - Vegstandard

- Transportmodell
- Verknader
- Tiltak på delstrekningar
 - Nord for Nordfjorden
 - Strekninga Grov (Florø) – Sløvåg
- Kostnadsoverslag

B. Følgjande delstrekningar skal utgreiast:

1. Nord for Nordfjorden
 - a. Fv. 61 Maurstad – Naveosen, utbetring av eksisterande veg, ev. gang- og sykkelveg.
 2. Nordfjorden – Grov
 - a. Utbetring av fv. 614 Myklebust – Grov
 - b. Tunnel/innkorting av strekninga fv. 614 Myklebust - Grov
 3. Grov – Førdefjorden
 - a. Nytte rv. 5
 - b. Utbetring av eksisterande fv. 542 og 611. Vurdere eventuell innkorting av vegen mellom Eikefjord og Redal.
 - c. Vurdere aktuelle stader for kryssing av Førdefjorden
 4. Førdefjorden – Dalsfjorden
 - a. Utbetring av eksisterande veg. Mellom Askvoll og Stongfjorden kan tidlegare rapport frå 2012 leggast til grunn
 - b. Vurdere hensiktsmessig innkorting mellom Kvammen og Otterstein.
 5. Dalsfjorden – Sognefjorden
 - a. Utbetring av eksisterande veg, med eventuelle korte omleggingar
 6. Sognefjorden – Fensfjorden (Sløvåg)
 - a. Utbetring av eksisterande veg, med eventuelle korte omleggingar
- C.** I tillegg må tidlegare planlagde og utgreidde vegstrekningar på ruta omtalast, og kostnader for desse må bli oppdatert. Dette gjeld nytt samband over Ytre Nordfjord og utgreiingar på strekninga Sjørdalen – Grov.

Utgreiinga må beskrive

- a. Vegen sin funksjon
- b. Dagens vegstandard på delstrekningar
- c. Tilrådd utbyggingsstandard på delstrekningar
- d. Kostnader (på overordna nivå) +/- 40 %
- e. Trafikale verknader

Moglege regionale og nasjonale verknader knytt til landskapsbilde, nærmiljø og friluftsliv, naturmangfald, kulturmiljø og naturressursar må omtalast i utgreiinga. Det skal ikkje lagast konsekvensanalyse på dette stadiet.

Utgreiinga skal gje ei tilråding om prioritering per delstrekning og på ruta samla.

Endringsframlegg:

Framstegspartiet sette fram slikt framlegg til endring i tilrådinga frå fylkesdirektøren:

A. Vegen sin funksjon og standard:

Endring av første kulepunkt til:

- Vegen sitt føremål og funksjonsklasse

A. Tiltak på delstrekningar:

Endring av andre kulepunkt til:

- Strekninga Florø-Sløvåg

B. Følgjande delstrekningar skal utgreiast:

Til erstatning for punkt 2.

45-minuttsregionen Måløy-Florø. Planarbeid og rapportar utarbeida av 45-minuttsregionen og kommunane, vert vurdert av Statens Vegvesen som alternativ til nye utgreiingar.

- Måløy-Svelgen
- Svelgen-Indrehus
- Indrehus-Florø

B. Til erstatning for punkt 3.

Florø-Førdefjorden. Kommunane vert førespurd om vurderte alternativ

- som til rådinga frå fylkesdirektøren
- Ny veg sørover frå Florø
- c og d. som tilrådinga frå fylkesdirektøren

Endring i C)

I tillegg må tidlegare planlagde og utgreidde vegstrekningar på ruta omtalast, og kostnader for desse må bli oppdatert. Dette gjeld nytt samband over Ytre Nordfjord og utgreiingar på strekninga Sjørdalen – Florø.

Høgre sette fram slikt framlegg til endring i tilrådinga frå fylkesdirektøren:

A. Tiltak på delstrekningar:

Endring av andre kulepunkt til:

- Strekninga rv.5 – Sløvåg

B. Følgjande delstrekningar skal utgreiast:

Til erstatning for punkt 2.

45-minuttsregionen Måløy-Florø. Planarbeid og rapportar utarbeida av 45-minuttsregionen og kommunane, vert vurdert av Statens Vegvesen som alternativ til nye utgreiingar.

- Måløy-Svelgen
- Svelgen-Indrehus
- Indrehus – rv.5

B. Endring i punkt 3.

Rv. 5 - Førdefjorden. Kommunane vert førespurd om vurderte alternativ.

Nytt punkt b: Ny veg sørover frå rv.5

4. Førdefjorden – Dalsfjorden

- Utbetring av eksisterande veg. Mellom Askvoll og Stongfjorden kan tidlegare rapport frå 2012 leggast til grunn
- Vurdere hensiktsmessig innkorting mellom sørsida av Førdefjorden (frå anbefalt kryssingspunkt) og Otterstein.

5. Dalsfjorden – Sognefjorden

- Utbetring av eksisterande veg, med eventuelle korte omleggingar
- Vurdere ei fjordkryssing over Sognefjorden som inkluderer fastlandssamband for Solund og slik gjere Kystvegen ferjefri. Dette skal utgreiast med fylkesvegstandard, og skal ikkje vere i konkurranse til E39.

Endring i C)

I tillegg må tidlegare planlagde og utgreidde vegstrekningar på ruta omtalast, og kostnader for desse må bli oppdatert. Dette gjeld nytt samband over Ytre Nordfjord og utgreiingar på strekninga Sjørdalen – rv.5.

Nye avsnitt til sist i vedtaket:

D) Utgreiinga skal inkludere eit oversyn over kvar det er aktuelt å kople Kystvegen gjennom Sogn og Fjordane til Kystvegen Ålesund – Bergen i Møre og Romsdal og Hordaland.

E) Gjennom utgreiingsarbeidet skal dei aktuelle kommunane få høve til å gje innspel til Statens Vegvesen før saka skal til politisk handsaming. Kommunane vert førespurd om å sende inn vurderte alternativ av deltrasear som grunnlagsmateriale for utgreiinga.

Avrøysting:

Framstegspartiet sitt framlegg til endring i første kulepunkt i A) *Vegen sin funksjon og standard* vart samrøystes vedteke.

Framstegspartiet sitt framlegg til endring i andre kulepunkt i A) *Tiltak på delstrekningar* fekk 1 røyst. Høgre sitt framlegg til endring i andre kulepunkt i A) *Tiltak på delstrekningar* fekk 8 røyster og vart vedteke.

Framstegspartiet sitt framlegg til ny innleiing og nye bokstavpunkt a og b i punkt 2 under B) vart samrøystes vedteke.

Framstegspartiet sitt framlegg til nytt bokstavpunkt c i punkt 2 under B) fekk 1 røyst.

Høgre sitt framlegg til nytt bokstavpunkt c i punkt 2 under B) fekk 8 røyster.

Framstegspartiet sitt framlegg til ny innleiing og nytt bokstavpunkt b i punkt 3 under B) fekk 1 røyst.

Høgre sitt framlegg til ny innleiing og nytt bokstavpunkt b i punkt 3 under B) fekk 8 røyster.

Høgre sitt framlegg til endring av bokstavpunkt b i punkt 4 under B) vart samrøystes vedteke.

Høgre sitt framlegg til endring av bokstavpunkt b i punkt 5 under B) fekk 6 røyster og vart vedteke.

Framstegspartiet sitt framlegg til endring av C) fekk 1 røyst.

Høgre sitt framlegg til endring i C) fekk 8 røyster.

Høgre sitt framlegg til nye avsnitt D og E i tilrådinga frå fylkesdirektøren vart samrøystes vedtekne.

Tilrådinga frå fylkesdirektøren med endringane vedtekne ovanfor vart samrøystes vedteken.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Følgjande ambisjonsnivå skal leggest til grunn for utgreiinga av Kystvegen mellom Ålesund – Bergen:

A. Utgreiingstema:

- Vegen sin funksjon og standard
 - o Vegen sitt føremål og funksjonsklasse
 - o Vegstandard
 - o Transportmodell
 - o Verknader

- Tiltak på delstrekningar
 - o Nord for Nordfjorden
 - o Strekninga rv. 5– Sløvåg

- Kostnadsoverslag

B. Følgjande delstrekningar skal utgreiast:

1. Nord for Nordfjorden
 - a. Fv. 61 Maurstad – Naveosen, utbetring av eksisterande veg, ev. gang- og sykkelveg.

2. 45- minuttregionen Måløy-Florø. Planarbeid og rapportar utarbeida av 45- minuttregionen og kommunane, vert vurdert av Statens Vegvesen, som alternativ til nye utgreiingar
 - a. Måløy – Svelgen
 - b. Svelgen – Indrehus
 - c. Indrehus – rv.5

 3. Rv. 5 - Førdefjorden. Kommunane vert førespurd om vurderte alternativ
 - a. Nytte rv. 5
 - b. Ny veg sørover frå rv. 5.
 - c. Utbetring av eksisterande fv. 542 og 611. Vurdere eventuell innkorting av vegen mellom Eikefjord og Redal.
 - d. Vurdere aktuelle stader for kryssing av Førdefjorden

 4. Førdefjorden – Dalsfjorden
 - a. Utbetring av eksisterande veg. Mellom Askvoll og Stongfjorden kan tidlegare rapport frå 2012 leggast til grunn
 - b. Vurdere hensiktsmessig innkorting mellom sørsida av Førdefjorden (frå anbefalt kryssingspunkt) og Otterstein.

 5. Dalsfjorden – Sognefjorden
 - a. Utbetring av eksisterande veg, med eventuelle korte omleggingar
 - b. Vurdere ei fjordkryssing over Sognefjorden som inkluderer fastlandssamband for Solund og slik gjere Kystvegen ferjefri. Dette skal utgreiast med fylkesvegstandard, og skal ikkje vere i konkurranse til E39.

 6. Sognefjorden – Fensfjorden (Sløvåg)
 - a. Utbetring av eksisterande veg, med eventuelle korte omleggingar
- C. I tillegg må tidlegare planlagde og utgreidde vegstrekningar på ruta omtalast, og kostnader for desse må bli oppdatert. Dette gjeld nytt samband over Ytre Nordfjord og utgreiingar på strekninga Sjørdalen – rv.5.**

Utgreiinga må beskrive

- a. Vegen sin funksjon
- b. Dagens vegstandard på delstrekningar
- c. Tilrådd utbyggingsstandard på delstrekningar
- d. Kostnader (på overordna nivå) +/- 40 %
- e. Trafikale verknader

Moglege regionale og nasjonale verknader knytt til landskapsbilde, nærmiljø og friluftsliv, naturmangfald, kulturmiljø og naturressursar må omtalast i utgreiinga. Det skal ikkje lagast konsekvensanalyse på dette stadiet.

Utgreiinga skal gje ei tilråding om prioritering per delstrekning og på ruta samla.

- D. Utgreiinga skal inkludere eit oversyn over kvar det er aktuelt å kople Kystvegen gjennom Sogn og Fjordane til Kystvegen Ålesund – Bergen i Møre og Romsdal og Hordaland.**

- E. Gjennom utgreiingsarbeidet skal dei aktuelle kommunane få høve til å gje innspel til Statens Vegvesen før saka skal til politisk handsaming. Kommunane vert førespurd om å sende inn vurderte alternativ av deltrasear som grunnlagsmateriale for utgreiinga. Statens Vegvesen skal vurdere alternativa ut frå ei heilskapleg løysing både for delstrekningar, påkoplingspunkt mot anna vegnett, og den samla vegstrekninga for Kystvegen Ålesund - Bergen.**

SAK 62/14 Skredsikring fv. 722 Flovegen - val av alternativ

VEDTAK:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fv. 722 Flovegen skal skredsikrast med lang tunnel mellom Veslebygda og Flo.
2. Kostnadsramma for prosjektet er 475 – 555 mill. 2014-kroner, med ei uvisse på 40 %.
